Vedlegg til søknadsblankett B

Melding til Lånekassen om søkjar i vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagd for vaksne

Namn	**Fødselsnummer** (11 siffer)

Namn på lærestaden	**Skolekode**

Har søkjaren fått vurdert realkompetansen og fått ein eigen opplæringsplan?
Dersom søknaden blir send inn før realkompetansen er vurdert, kan tildelt støtte bli feil, sjå rettleiinga. Hugs eigen behandlingskode.

Ja	**Nei**

Skal søkjaren gå opp til eksamen som praksiskandidat?
Hugs eigen behandlingskode

Ja	**Nei**

Oppgi ønskt sluttkompetanse for søkjaren

Start- og sluttdato for søkjarens planlagde utdanning

Startdato:	**Sluttdato:**

Oppgi alle fag søkjaren skal ta i den planlagde utdanninga

(Oversikta skal berre innehalde fag søkjaren skal ta eksamen i, og som ikkje er bestått/godkjent tidlegare)

Namn på faget (ifølgje offentleg godkjend læreplan)	**Fagkode/ emnekode**	**Nivå på faget:** • Vg1 • Vg2 • Vg3/VKII	**Undervisningsform**		**Vekttalstimar** (talet på timar per veke faget har ifølgje offentleg godkjend læreplan)
			Nettbasert undervisning (kryss av)	Klasseroms-undervisning (oppgi talet på undervisnings-timar per veke)	
Sum timetal:					

Oppgi ev. skolepengar søkjaren sjølv må betale for det samla utdanningsløpet:

Kr

Dato	**Stempel og underskrift frå lærestaden**

Rettleiing

Melding til Lånekassen om søkjar i vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagd for vaksne

Skjemaet skal fyllast ut og leggjast ved søknader om støtte frå vaksne som har individuelle opplæringsplanar.

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3 har rett til realkompetansevurdering. Denne vurderinga blir utført før opplæringa startar, eller undervegs i opplæringa. Støtte frå Lånekassen blir gitt i samsvar med dei faga som søkjaren må ta for å få ønskt kompetanse. **Det blir ikkje gitt støtte til fag som søkjaren har fått fritak for eller fått godkjende i realkompetansevurderinga.**

Dersom søknader om støtte blir sende til Lånekassen før realkompetansen er vurdert, kan tildelt støtte bli feil. Feil tildelt støtte fører til at elevane trur det er feil i omgjeringa av lån til stipend, sjølv om rett omgjering/konvertering er utført på grunnlag av korrekt innrapporterte beståtte eksamenar. Elevane blir då sitjande igjen med eit lån dei ikkje ville ha. Offentleg vidaregåande opplæring blir rekna som bestått når eleven har fått standpunktkarakter eller eksamenskarakter i dei ulike faga som inngår i den enkelte læreplanen. Det er standpunktkarakterane og eksamenskarakterane som er grunnlaget for omgjering av lån til stipend.

Det er viktig at lærestaden melder frå til Lånekassen dersom elevane trekkjer seg frå fag, får fritak for fag, eller får godkjent fag på grunn av realkompetansevurdering i løpet av utdanningsperioden.

Forklaring til postane i skjemaet

Ønskt sluttkompetanse
Ønskt sluttkompetanse lvil seie søkjaren sitt endelege mål for utdanninga, for eksempel Service og samferdsel Vg2 eller Helsearbeidarfag Vg3, ikkje delkompetanse som blir oppnådd undervegs.

Start- og sluttdato
Med start- og sluttdato er meint heile utdanningsløpet for søkjaren. Startdato er lik faktisk dato for starten av utdanningsløpet, uavhengig av kva tidspunkt søkjaren ønskjer å søkje om støtte frå. Sluttdato er planlagd avslutning, det vil seie når endeleg eksamen på Vg2 (VKI), eventuelt Vg3 (VKII) er planlagd. Det må vere samsvar mellom start- og sluttdato og dei faga som blir førte opp i tabellen nedanfor.

Fag søkjaren skal ta
I tabellen skal *alle* aktuelle fag vere oppgitt, ikkje dei enkelte modulane for faget. Vidare skal fag- eller emnekode vere oppgitt, saman med kva nivå faget er på. Når det gjeld undervisningsform, skal minst ein av rubrikkane vere utfylt. Dersom undervisningsforma er ein kombinasjon av nett- og klasseromsundervisning, må begge rubrikkane fyllast ut. Talet på undervisningstimar per fag må vere oppgitt. Det same gjeld for vekttalstimar. Med vekttalstimar meiner vi talet på timar faget har per veke ifølgje offentleg godkjende læreplanar. Vekttalstimane for kvart fag må vere oppgitt.

Skolepengar
Oppgi eventuelle skolepengar som søkjaren sjølv må betale. Beløpet må vere oppgitt for heile utdanningsløpet.
Døme: Søkjaren startar utdanninga i august og avsluttar i desember året etter. Skolen oppgir då det beløpet søkjaren må betale for heile denne perioden.

Dersom skjemaet ikkje innheld dei nødvendige opplysningane, kan ikkje Lånekassen behandle søknaden.